

Referat frå programstyremøte for tyskavdelingen ved UiB – 08.05.2019

Tid: 14-16

Stad: HF:216

Til stade: Kjetil Berg Henjum, Sissel Ågot Lægreid, Jana Zichel-Wessalowski, Birger Solheim, Torgeir Skorgen, Jana Scheurer, studierepresentant Natalie Unger og referent Ingvild Nilssen

Saksliste

8/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

9/19 Orienteringssaker

Torgeir Skorgen og Ingvild Nilssen dreg til kuratorieøtet for DNSZ, 24.-25. Mai
Vi avventar til etter møtet i Kiel før vi bestemmer kva vi vil vidare med Kiel og ev praktikum.

Møte i hjemmestyret for DNSZ 9.05, kl. 11-13. – planlegger kva vi vil seie på møtet i Kiel.

Ny DAAD-assistent, Franzika Wirth, startaer til hauøsten.

Innføring av mentorordning til høsten (Vedlegg 1)

Saker

10/19 Endring av utkast til presentasjon av tyskfaget på nettet (vedlegg 2)

Vi går gjennom dette kvar for oss og avgjer over sirkulasjon på mail.

11/19 TYS107 – evaluering og oppsummering (Vedlegg 3)

Kanskje for mykje av forskjellig og for vanskelege tekstar for studentane. Vi kan gjere mykje her for å tydeleggjere. Dagsseminar på Dragefjellet i juni med utarbeiding / vidareutvikling med m.a. ei gruppe studentar som har teke emnet og studentrepresentant Natalie Unger. Så mange som mogleg av fast tilsette blir med. I frå studentevalueringa konkluderer vi med at vi ikkje er i mål med TYS107.

12/19 Søknad om insentivmidler for revisjon av 100-nivåstudiet. Styrking av grunnkompetanse i tysk. (Vedlegg 4)

Tyskkunnskapane har vore lågare enn dei brukar våren 2019. I dette kullet er det også studentar som har tysk som morsmål, m.a.o. veldig heterogen gruppe studentar. Derfor vil vi ivareta den språklege hevinga på ein annan måte. Vi ønsker ei omfattande restrukturering av studiet med digitalt støttmateriell der øving av grunnferdigheiter skal bli oppbygd systematisk.

Vi søker difor om 200 000 kr i insentivmiddel til prosjektet «Systematisk nivåheving i tyskfaget».

13/19 Undervisning høsten 2019 (Vedlegg 5 og 6)

Vi ønsker å endre til 2x 12 timar på TYS308 (slik at det tilsvarar TYS311). Ingvild høyrer med fakultetet om vi får endre før 1. desember.

Vi diskuterte kor mange gongar og når det bør bli halde masterseminar. Vi tar eit slikt seminar i juni og Sissel tar ansvaret for det. Vi kontaktar fagkoordinatorane på fransk og engelsk for å høyre om korleis dei køyrer desse seminara. Det blir foreslått at det skal vere fast to gongar i semesteret.

14/19 Undervisning vår 2020

Det har vore problem knytta til tidspunkt for undervisning og romønske. For å unngå dette våren 2020 vert utarbeidd plan for vårundervisninga allereide i september hausten 2019.

15/19 Aktiv avmelding av utveksling.

Vi går no utifrå at 5. semester er eit utvekslingssemester (eller ev. 6. semster). Om dei ikkje vil reise må dei aktivt melde seg av. Vi må minne dei om søknadsfrist 1. februar for utveksling for utveksling i høstsemesteret og 1. september for utveksling i vårsemesteret.. I forlant av fristen 1. september 2019 legg vi opp til informasjonsmøte. Tidlegare utvekslingsstudentar kan inviterast til å informere om erfaringar frå utvekslingsopphaldet.

16/19: Rekrutteringstiltak etter mønster av German Day

Vi tek sikte på å prøve ut rekrutteringsdag etter mønster av German Day i april 2020. Dersom erfaringane blir positive, kan dette verte eit tiltak som gjennomførast kvart semester, til dømes i november og april. Elevar frå vidaregåande skule vert invitert til ein dag som kan innehalde diktkonkurranse, karaoke på tyske songar, rebusløp, foredragskonkurranse etc. Elevane får programmet på førehand og skal stille førebudd, f. eks. med ferdige dikt.

Det vert forutsett at alle tilsette deltek, men DAAD-lektor og assistent får hovudansvar for planlegging og koordinering. Fagutvalet og dei to mentorane bør også involverast. I tillegg er dette truleg et opplegg som er av interesse for lektorstudentane.

17/19 Eventuelt

Hol i emneomtalar:

TYS206: Vi førete ei retting av omtalen av øvingsoppgåva: «Omfanget bør vere 5-8 sider og innleveringsfrist seinast 16 dagar før eksamen.» Ingvild høyrer med fakultetet om vi får endre før 1. desember.

Det har vore ytra ønske frå masterstudentane om eit oppstartmøte masteroppgåveskriving. Sissel Læg Reid får ansvar for dette, og vi tek sikte på et slikt oppstartmøte tidleg i høstsemesteret 2019. .

Det vart informert om semesteravslutning 24. mai 2019 på Ad fontes

Opplegget med 300-kursa om våren fungerer dårleg for lektorstudentane. Det er no lagt inn ein pause for 308 og 311 pga. lektorstudentar i praksis. Kan vi endre på dette slik at det blir betre?

Problematikken vart diskutert. Intensivundervising vart nemnt som ei mogeleg løysing Ei anna løysing er at lærarane i forkant av semesteret vel ut kva ~~kva~~-pensum lektorstudentane skal ta.

TYS308 (L) Litteratur, interpretasjon og oversettelse (15 sp). Under «Omfang» endres «1,5x12 eller 2x9) til «2x12».